



Alle foreldre ved Matre skule

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/717 - 23/3305

Sakshandsamar:

Tone Hatlem

tone.hatlem@masfjorden.kommune.no

Dato:

14.04.2023

## Foreldre/føresette ved Matre skule

### Bruk av app gjennom Visma skole

Me på Matre skule vil framover bruke Visma appen meir aktivt. Målet er at alle vekeplanar, fellesbeskjedar, informasjonsskriv, vurderingar m.m skal sendast ut via Visma appen.

I appen kan foreldra og melde kortare fråvære slik som sjukdom, tannlegetimar, legetimar m.m. Fråvær kan meldast som heile dagar eller berre som timefråvere. Det er allereie ein del som nyttar appen til dette allereie, men me ynskjer at fleire skal ta den i bruk.

Alle borna på skulen har minimum ein forelder/føresett knytt til app og eg oppmodar dei foreldra/føresette som ikkje har installert appen enno om å gjere dette. Det er tidlegare sendt ut eit informasjonsskriv og framgangsmåte for korleis ein lastar ned appen.

Dersom de lurar på noko ta gjerne kontakt med meg på telefon: 92283201.

Med helsing

Tone Hatlem

rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**

Alle foreldre ved Matre skule